

Handbok

med retningslinjer for klassekontaktar og FAU-
representantar ved Undheim skule.

Takk for at du har teke på deg oppgåva som klassekontakt eller FAU-representant! Det er ei viktig og spanande oppgåve som det er knytt både forventningar og moglegheiter til.

Som klassekontakt vil du i året som kjem kunne påverke forhold rundt klassen og skulen. Positivt engasjement frå foreldra har mykje å seie for barnas utbytte av skulegangen.

Retningslinjene er utarbeida av foreldrerådets arbeidsutval (FAU) ved Undheim Skule og me håper den vil vere både til nytte og inspirasjon, samtidig som me oppfordrar til å finne eigne løysningar og nye aktivitetar.

Her vil du finne ein oversikt over skulens arrangement gjennom skuleåret, samt tips som kan styrke klassemiljøet og gjere oppgåva di som klassekontakt lettare.

Lykke til! :)



Retningslinjer for klassekontaktar og FAU-representantar

Ved Undheim skule har me valt og dele foreldreansvaret i klassane mellom klassekontaktar og FAU-representantar.

Under følger retningslinjene for dei ulike verva:

Retningslinjer for klassekontaktar/foreldrekontaktar ved Undheim skule

Klassekontaktane skal arbeide for eit godt klassemiljø, gjensidig informasjon og forståelse gjennom god kontakt med elevar og øvrige foreldre/føresette i klassen, og bidra til at idear og synspunktet når dei rette instansane.

- **Val**

På foreldremøtet på våren skal ein velje klassekontaktar og FAU-representant for klassen, dette for å ha namna klare til skulestart på hausten.

For fyrste klasse vel foreldre/føresattegruppa ein person for 2 år og ein for 1 år, etter det vel ein alle for 2 år, slik at ein kan overlape kvarandre og ein unngår at det er 2 nye på same tida. Det er ønskjeleg at klassekontaktane er ein av kvart kjønn. Eit alternativ er at ein vel ein forelder/føresatt til ein gut og ein til ei jente.

Dei 2 klassekontaktane samarbeider og fordeler oppgåvene seg imellom. Klassekontaktane er og vara for FAU-rep. og motsett.

- **Teieplikt**

Forvaltningslovas bestemmelser om teieplikt, gjeld for klassekontaktar (foreldrekontaktar) og medlemar av skulens rådsorgan (Opplæringslova § 15 - 1).

- **Klassekontaktperm**

Klassekontaktane i 1. klasse får utdelt ein perm av skulen som skal fylgje vervet. Permen inneheld «oppstartsinformasjon» og klassekontaktane samlar nyttig informasjon i denne permen. Dersom ein ønskjer kan man og opprette ein dropbox (eller liknande) som kan følgje vervet i tillegg. Klassekontaktane skal sørge for å vedlikehalde permen/dropboxen og bringe denne informasjonen vidare til nye klassekontaktar. Målet er at vidareføring av dokumentasjon og informasjon kan sikrast når nye klassekontaktar overtek.

Permen skal og innehalde rekneskap frå klassekassen og referat frå foreldremøta.

Når klassen er ferdig ved Undheim skule skal permen leverast tilbake til skulen. Skil ut innhaldet som er «klassen sitt», lever permen med dette innhaldet samla til saksbehandlar som ordnar med makulering.

- **Informasjonskanal**

Det er ein god ide å opprette ei gruppe for kvar klasse på Facebook eller ein anna digital plattform der ein lett kan dele informasjon om foreldremøter, referat frå møta, selskap og anna.

- **Foreldremøter**

Klassekontaktane skal informere om aktuelle saker på foreldremøta i samråd med kontaktlærar. Kontaktlærar har ansvar for første kontakt på hausten, før foreldremøte.

Punkter som klassekontaktane informerer om:

- Avslutningar, jul og sommar.
- Foreldrekveld.
- Status for klassekontoens saldo.
- Felles anbefalingar/oppføringar frå FAU mtp.bursdagsfeiringar vennegrupper osv.
- Andre aktuelle saker.

Klassekontaktane skal legge ut invitasjon/info om foreldremøtet på digital plattform i forkant av møtet. Klassekontakt er ansvarleg for at det skrives referat frå foreldremøta og dele det med føresette på Facebook eller anna digital plattform. Dersom nokon ønskjer referat på mail må dei gje beskjed til klassekontaktane.

- **Bindeledd mellom kontaktlærar og foreldregruppa**

Klassekontaktane kan fungere som diskusjonspartner og bindeledd for føresette og kontaktlærarar/skulen.

- **Klassekonto**

I og med at grunnskuleopplæringa i Noreg er gratis, kan ikkje foreldre og barn påleggast å betale for aktivitetar som skjer i regi av skulen, det vil seie den tida som skulen definerer som undervisningstid og som dermed er ein del av skulens ordinære opplæring. Dette inneber at alle utflukter og arrangement som skjer i skuletida eller i skulens

regi, skal vere gratis.

Det kan dog vere greit at klassen har nokon midlar til bruk ved skuleavslutning, juleavslutning, gåve til lærar osv. Kvar klasse bør diskutere om dei ønskjer å opprette ein klassekasse for dette formålet. Foreldra må få informasjon om at det er valfritt å bidra dersom fleirtalet vedtek å samle inn pengar til ein aktivitet/klassekasse. MEN alle elevane har rett til å vere med på aktiviteten.

Om klassen bestemmer seg for å ha ein klassekasse skal klassekontaktane opprette ein konto under FAU Undheim skule i Jæren sparebank. Innbetaling til klassekasse skal vere frivillig og anonymt. Det er viktig at foreldra/føresette ikkje føler seg pressa til å betale. Husk på at de som FAU og klassekontaktar har teieplikt.

- **Vennegrupper**

Vennegrupper har til hensikt at barna skal vere samene utanom skulen slik at dei blir betre kjent. Barna blir kjent med dei andre sine foreldre, og barnas foreldre blir kjent med barnas klassekamerater og deira foreldre. Slik blir barna tryggare på kvarandre, noko som bidrar til å skape eit godt klassemiljø.

FAU oppfordrar alle til å starte med vennegrupper allereie i 1. klasse. Klassekontaktane har ansvar for dialog med kontaktlærarane for å sjå til at vennegruppene kjem i gang så tidleg som mogleg etter skulestart.

FAU meiner at det er særst viktig med vennegrupper i 1. og 2. klasse for å bidra til etableringa av eit godt miljø, men oppfordrar til vidareføring av ordninga så høgt opp på trinna som mogleg.

- **Arrangement for foreldra/føresette.**

At foreldre/føresette i kvarklasse kjenner kvarandre er ein god ide og eit godt utgangspunkt for å få ein velfungerande klasse. Diskuter og bli einig på fyrste foreldremøte om hausten. Ein måte å få til dette på er å arrangere foreldretreff/fest.

- **Avslutningsfest for 7. klasse**

Klassekontaktane har ansvar for å sette dato saman med rektor og samle foreldre/føresette til første planleggingsmøte i januar.

- **17.mai**

Klassekontaktane i alle klassane går saman med elevane i toget. 7. klasse foreldre/føresettegruppa har ansvar for 17. mai feiringa på Undheim. Klassekontaktane har ansvar for å samle foreldre/føresette til første planleggingsmøte i januar. Klassekontaktane har ansvar for å levere permer/arkivert informasjon frå tidlegare år vidare til klassekontakt i 6. klasse.

- **Sosiale samankomstar**

FAU oppmuntrar sterkt til sosiale og inkluderande aktiviteter for barna, både for kvar enkelt klasse eller for småtrinnet eller mellomtrinnet samla.

Retningslinjer for FAU-representantar og varaer

Opplæringslova §11-4

«På kvar grunnskole skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skulemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skolen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skolen og lokalsamfunnet.

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet vel to representantar med personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet. Leiaren for arbeidsutvalet skal vere den eine av representantane.»

Foreldrenes arbeidsutval (FAU) er bindeleddet mellom foreldra/føresette og skulen. Det betyr at FAU-representanten og vara frå kvar klasse er bindeleddet mellom skulen og foreldra i dei forskjellige klassane. FAU-representantane skal arbeide for eit best mogleg skulemiljø for elevane. Som FAU-representant er det viktig å tenke på at man snakkar på vegne av ein heil klasse. Saker som kun dreier seg om enkelttilfeller er som oftast lite eigna for FAU diskusjon.

- **Val**

Val av FAU-representantar er omtalt i FAU sine vedtekter. Kvar klasse skal ha ein FAU representant. 1, 2 og 7 klasse vel ein FAU representant for eit år og i 3 og 5 klasse for 2 år. På fyrste møte på hausten vel ein kven som skal inneha dei ulike rollane og FAU konstitueres.

- **Teieplikt**

Forvaltningslovas bestemmelser om teieplikt, gjelder for klassekontakter (foreldrekontakter) og FAU representantar/medlemar av skulens rådsorgan (Opplæringslova § 15 - 1).

- **Oppgåver**

Delta på FAU-møtene eller varsle vararepresentanten om ein sjølv ikkje kan delta på møtet

Bidra med informasjon frå FAU i forbindelse med foreldremøta. FAU-representanten kan i samarbeid med klassekontaktane vere delaktig i planlegging av innhald og struktur på foreldremøta, i samarbeid med kontaktlærer.

FAU representantar skal informere om foreldreundersøkinga på foreldremøta på hausten.

Alle FAU representantane skal høyre med klassen sin om dei har innspel til sakslista i forkant av kvart FAU møte. Sende ut foreløpig saksliste til «sin» klasse 2 veker før kvart FAU møte, med unntak av det fyrste. Be foreldre/føresette kome med innspel eller med nye saker om dei har det.

- **Referat**

Informasjon frå FAU vert lagt ut på FAU sin del av skulens heimeside. Referat: Saker som har vært oppe til diskusjon på FAU-møte skal kommuniserast ut til alle foreldre/føresette ved skulen, unntaket gjeld saker som omhandlar personsensitive saker (ref. teieplikta).

Desse har vore klasse-og FAU kontakter for denne klassen:

Klasse	Klassekontaktar	FAU-representant	Kontaktlærer
1			
2			
3			
4			
5			
6			
7			

